

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 07.04.2010 Kl. 0900 - 1600
Møtestad: Helse Vest RHF , Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Leiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Gisle Handeland	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Nils P Støyva	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

Forfall frå styret

Ohene Aboagye
Gro Skartveit

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Eigardirektør Ivar Eriksen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Torunn Nilsen referent

Sakliste

036/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
037/10 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 18.02.2010
038/10 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.03.2010
039/10 O	Administrerende direktør si orientering
040/10 B	Rapportering frå verksemda per februar 2010
041/10 B	Fagleg rapportering 2009
042/10 B	Årsmelding 2009 frå pasient- og brukaromboda i Helse Vest
043/10 B	Tilsynsmelding 2009 – frå Helsetilsynet
044/10 O	Nasjonale mål og hovudprioriteringar – fellesrundskriv IS-1/2010 frå Helsedirektoratet
045/10 O	Omdømmemåling – oppsummering av resultat
046/10 B	Eventuelt

Lukka del

Sak 047/10 O har uts.off jf Offentleglova § 5-2 jf rr lov § 18-2

047/10 O	Spørsmål frå Riksrevisjonen om val, oppfølging og kontroll av styra
----------	---

Fellesmøte med styret i Helse Vest RHF og Regionalt brukarutval

Møtet blei gjennomført med følgjande saker på saklista:

- Innleiing med presentasjon ved styreleiar i Helse Vest, Oddvard Nilsen.
- Presentasjon av arbeidet til Regionalt brukarutval ved nestleiar Njål Idsøe.
- Rehabilitering/habilitering. Styrking av tilbodet og gjestepasientoppgjer. Presentasjon ved fagdirektør Baard Christian Schem.
- Pasientreiser. Saksbehandlingstid og tilgjenge. Presentasjon ved kontrollar Gunhild Ormobostad Haslerud.
- Viktige innsatsområde i 2010 og framover. Presentasjon ved administrerende direktør Herlof Nilssen.

Administrasjonen lova å komme tilbake med informasjon om tilbodet til kronikarar er betra.

Presentasjon av brukar- og pasientomboda i Helse Vest RHF

Pasient- og brukaromboda i Helse Vest presenterte arbeidet sitt og Årsmelding 2009.

Desse pasient- og brukaromboda deltok:
Pasient- og brukarombodet i Rogaland Gro S. Bergfjord
Pasient- og brukarombodet i Hordaland Grethe Brundtland
Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane Ove Mjåtveit

036/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Ny oppdatert AD si orientering

Rapport om strategiprosessen i Helse Førde (er sendt på høyring i kommunane)

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Kopi av brev frå HOD, dagsett 19.03.2010 "Spørsmål knyttet til sykehusgodkjenning"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde HF, dagsett 23.03.2010 "Oppfylgning av "Sørge-for ansvaret""
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Mental Helse Sogn og Fjordane, dagsett 22.03.2010 "Tilhøva ved ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH)"
- Brev frå Mental Helse Sogn og Fjordane til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 17.03.2010 "Vedk: notat av 19.02.2010 frå Brukerutvalet Helse Førde HF til Helse Førde HF om tilbodet ved Ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) i Helse Førde"
- Brev frå Sanitetsforeningane i Nordfjord til styret i Helse Førde, dagsett 17.03.2010 "Nedlegging av lokalsjukehusa"
- Brev frå Brukerutvalget Helse Stavanger HF til Brukerutvalget i Helse Vest RHF, dagsett 17.03.2010 "Angående ubalanse mellom oppgaver og ressurser"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus Helse Stavanger HF, dagsett 19.03.2010 "Melding om tilsyn ved Helse Stavanger HF, Stavanger universitetssjukehus"

Forfall til møte:

Styreleiar orienterte om at følgjande styremedlemmer hadde meldt forfall til møtet:

Ohene Aboagye

Gro Skartveit

Eventuelt:

Ingen saker blei meldt til eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

037/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 18.02.2010

Oppsummering

Etter innspel frå styremedlem Aslaug Husa, blei følgjande setning i vedtakspunkt 3 – 6 endra for alle helseføretaka:

Med verknad frå 19. februar 2010 skal følgjande personar oppnemnast som *eigaroppnemnde* representantar til styret i Helse XXXX HF:

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 18. februar 2010, med dei endringar som kom fram i møtet.

038/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.03.2010

Oppsummering

Etter innspel frå styremedlem Reidun Nyborg Johansen, blei siste setning på side 2 sletta.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 03. mars 2010, med dei endringar som kom fram i møtet..

039/10 O Administrerande direktør si orientering

- 1. Bruk av korridorplassar i Helse Stavanger**
Etter årsskiftet har det vore mellom 20 og 25 korridorpasientar innan somatisk behandling i Helse Stavanger. I psykiatrien har det vore 1-2 korridorpasientar i denne perioden. Bruk av Pasienthotellet har auka noko
- 2. Bruk av korridorplassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen**
Det har vore 1 korridorpasient i psykisk helsevern i Helse Bergen i mars, ingen i april.
- 3. Medarbeidarundersøking i Helse Vest RHF**
Administrasjonen orienterte om resultata av medarbeidarundersøkinga som har vore gjennomført i Helse Vest RHF.
- 4. Studietur 31. mai – 2. juni**
Skisse til program for studieturen blei gjennomgått i møtet. Styremedlemmer kan komme med innspel til programmet i løpet av denne veka. Programmet blir i samarbeid med Helse Nord, og styreleiar og AD i helseføretaka i Helse Vest deltek. Styremøtet i Helse Vest RHF vil bli flytta frå 2. juni til 1. juni. Møtet vil bli gjennomført i Bodø, og fellesmøtet med styret i Helse Stavanger HF må difor flyttast til eit seinare tidspunkt.

5. **God Vakt – oppfølging av pålegg frå arbeidstilsynet**
Endeleg tilbakemelding til Helsetilsynet har vore styrebehandla i alle HF-a.
6. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
7. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
8. **Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
9. **Orientering om strategiprosessen i Helse Førde**
Styret blei orienterte om og diskuterte strategiprosessen i Helse Førde HF
10. **Orientering om psykisk helsevern i Helse Fonna**
Styret blei orienterte om og diskuterte dei pågåande prosessane innan psykisk helsevern i Helse Fonna HF.
11. **Orientering endringar i stillingar i føretaksgruppa**
Styret blei orienterte om at Hege Fjell Urdahl er konstituert i stilling som administrerande direktør i Apoteka Vest HF, og at Bjørg Sandal sluttar som kommunikasjonsdirektør i Helse Vest RHF.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

040/10 B Rapportering frå verksemda per februar 2010

Oppsummering

Aktivitetsrapporteringa er framleis påverka av at ein berre samanliknar utviklinga per februar (to månader) i 2009 og 2010, og difor er for tidleg til å skulle seie noko sikkert om forventa utviklinga. Sjølv små endringar i dei absolutte tala kan gje store prosentvise endringar.

Ventetidsutviklinga per februar 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er på same nivå som for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både dei som er tatt til behandling og dei som framleis ventar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rett over 70 % innan psykisk helsevern og rett over 60 % innan somatikken.

Resultatet pr februar er pluss kr 10,3 mill som er i tråd med budsjett. Med unntak av Helse Fonna som melder ei prognose som er kr 5,2 mill dårlegare enn budsjett, opprettheld alle føretaka ei prognose i tråd med budsjett. Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009 og har derfor ikkje utarbeida ordinær tiltakspakke. Helse Stavanger og Førde rapporterer ei realisert omstilling som er i tråd med plan. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk opp frå 6,6 % i desember 2009 til 6,8 % i januar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær gjekk opp frå 5,6 % i desember 2009 til 6 % i januar. Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % er på om lag 47,4 %. Netto månadsverk

for føretaksgruppa pr mars 2010 viser ein nedgang på 71 netto månadsverk målt mot februar 2010.

Omdømmeresultatet samla viser ein nedgang samanlikna med januar månad. Størst nedgang finn vi i Helse Fonna.

Styret ønskte at ventetid hos private blei følgt opp på same måte som i eigne HF.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapportering frå verksemda per 28. februar 2010 til etterretning.

041/10 B Fagleg rapportering 2009

Oppsummering

Det blir kvart år laga ein årleg rapport (vedlagt) som omfattar forskingsprosjekt som har fått tildelt midlar av Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger, og verksemda ved regionen sine høgspesialiserte tenester. Rapporten blir utarbeidd av Kompetansesenteret for klinisk forskning i Helse Bergen HF som er sekretariat for Samarbeidsorganet, og blir lagt fram for samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet behandla rapporten 17.2.10 og tok den til etterretning, jf sak 02/2010.

Rapporten "Faglig rapportering 2009" blir med dette lagt fram for styret i Helse Vest RHF. Rapporten blir sendt til Helsedirektoratet i henhold til rapporteringsplikt gitt i HOD sitt oppdragsdokument for 2009.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporten "Faglig rapportering 2009" vedrørende forskingsprosjekt, nasjonale tenester og regionale kompetansesentra til etterretning.

042/10 O Årsmelding 2009 frå pasient- og brukaromboda i Helse Vest

Oppsummering

Pasientomboda får gjennom sitt arbeid kunnskap om helsetenestene som er viktig i samband med forbetring og utvikling av kvaliteten på tenestene.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på områder som klart kan forbetrast.

Pasientomboda erfarer at pasientar har store forventningar til helsetenesta.

I dei fleste tilfella er det nok at pasientomboda gir informasjon og rettleiing. Dette er informasjon som helsepersonell i utgangspunktet har ansvar for å gi slik at pasienten kan ivareta sine rettar som pasient.

Vedtak (samrøystes)

Årsmelding 2009 frå Pasient- og brukaromboda i Helse Vest blei tatt til orientering

043/10 B Tilsynsmelding 2009 – frå Helsetilsynet

Oppsummering

I Tilsynsmeldinga blir det understreka at internkontroll også er fagleg styring.

Dei fleste artiklane omhandlar tilsyn med barnevern og sosialtenestene. Dei artiklane som gjeld spesialisthelsetenesta spesielt og som blir kommentert vidare i denne saka, omhandlar:

- Tilsyn med distriktpsikiatriske sentra (DPS)
- Eldre og gamle som blir utgreia og behandla i spesialisthelsetenesta
- Når helsepersonell gjer feil

Styret la vekt på at det er viktig at verksemdene nyttar tilsynsrapportar i styrings- og utviklingsarbeid og aktivt i forbetningsarbeid. På denne måten kan ein lære, ikkje bare av egne feil, men også av andre sine feil.

Vedtak (samrøystes)

Tilsynsmelding 2009 frå Helsetilsynet blir tatt til etterretning.

044/10 O Nasjonale mål og hovudprioriteringar – fellesrundskriv IS-1/2010 frå Helsedirektoratet

Oppsummering

Helsedirektoratet har sendt ut rundskrivet "Nasjonale mål og hovedprioriteringar for 2010". Rundskrivet supplerar Helse- og omsorgsdepartementet sine oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka og er meint å gi viktig fagleg informasjon og bidra til auka fokus på samhandling med andre sektorar og tenestenivå.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering.

045/10 O Omdømmemåling – oppsummering av resultat

Oppsummering

Helse Vest RHF har delteke i ei omdømmeundersøking der norske journalistar har vurdert i alt 109 organisasjonar. Undersøkinga vart gjennomført per telefon i perioden 17. september til 15. desember 2009. I alt 27 journalistar har vurdert Helse Vest RHF på ein skala frå 1 – 10 (10 er best). Helse Vest RHF hadde på førehand lista opp 36 journalistar, nasjonale, regionale og lokale, som er særleg viktige for oss. 62 prosent av desse deltok i undersøkinga. På dei ulike parametarar ligg scoren for Helse Vest jamt over mellom 6 og 7. Dette betyr at journalistane gir oss god tilbakemelding.

Det er nyttig for Helse Vest RHF å samanlikne seg med andre, både statlege verksemder og andre. Samla sett er resultatet bra for Helse Vest.

At fleire journalistar ønskjer seg meir av det meste, er ikkje så overraskande. Med deadline heile døgeret er det krevjande å tilfredsstille alle sine behov fullt ut alltid. Ser ein resultata opp mot bemanning og ressursar Helse Vest RHF har å spele på innan dette området, vurderer ein resultatet som bra.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

046/10 B Eventuelt

Ingen saker blei behandla under eventuelt.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Kopi av brev frå HOD, dagsett 01.03.2010 "Det framtidige helsetilbudet i Vågsøy kommune og regionen for øvrig"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde HF, dagsett 26.02.2010 "Oppfylgning av "Sørge-for ansvaret""
- Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 15.03.2010 "Oppfølging av tilhøva ved ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) i Helse Førde HF"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 05.03.2010 "Oppfølging av tilsyn med ungdomsavdelinga for psykisk helsevern i Helse Førde HF"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 01.03.2010 "Oppfølging av tilsyn med ungdomsavdelinga for psykisk helsevern, Helse Førde HF"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Førde HF og Helse Bergen HF, dagsett 01.03.2010 "Samarbeid om tjenester til barn og unge innen psykisk helsevern i Helse Førde HF"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 09.03.2010 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikk for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling, Spesialpoliklinikk, Psykiatrisk ungdomsteam - Haugesund"
- Brev frå ordførarar i fleire kommunar i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 01.03.2010 "Bekymringsmelding om sjukehusstilbodet i Sogn og Fjordane og Sentralsjukehuset spesielt"
- Brev frå ordførarar i fleire kommunar i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 28.02.2010 "Nye styremedlem i Helse Førde"
- Kopi av brev frå Nordfjordsrådet til Helse Vest RHF, dagsett 25.02.2010 "Ny styremedlem i Helse Førde"

- Brev frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF, dagsett 18.03.2010 "En syk forretningsdrift"
- Brev frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF, dagsett 11.03.2010 "Vær torner i Ap sin rosebukett"
- Brev frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF, dagsett 02.03.10 "Om å grave sin egen grav"
- Protokoll frå møtet i Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 2. mars 2010
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 26.02.2010 "Avslutning av tilsynssak – pasient XXX f. xxxxxx – Helse Fonna HF Klinikk for psykisk helsevern" U.Off.

Følgjande skriv og meldingar blei delte ut i møte:

- Kopi av brev frå HOD, dagsett 19.03.2010 "Spørsmål knyttet til sykehusgodkjenning"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde HF, dagsett 23.03.2010 "Oppfylgning av "Sørge-for ansvaret""
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Mental Helse Sogn og Fjordane, dagsett 22.03.2010 "Tilhøva ved ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH)"
- Brev frå Mental Helse Sogn og Fjordane til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 17.03.2010 "Vedk: notat av 19.02.2010 frå Brukerutvalet Helse Førde HF til Helse Førde HF om tilbudet ved Ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) i Helse Førde"
- Brev frå Sanitetsforeningane i Nordfjord til styret i Helse Førde, dagsett 17.03.2010 "Nedlegging av lokalsjukehusa"
- Brev frå Brukerutvalget Helse Stavanger HF til Brukerutvalget i Helse Vest RHF, dagsett 17.03.2010 "Angående ubalanse mellom oppgaver og ressurser"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus Helse Stavanger HF, dagsett 19.03.2010 "Melding om tilsyn ved Helse Stavanger HF, Stavanger universitetssjukehus"

Lukka del

Møtet var lukka under handsaming av sak 047/10 O jf Offentleglova § 5-2 jf rr lov § 18-2

047/10 O Spørsmål frå Riksrevisjonen om val, oppfølging og kontroll av styra i underliggjande helseføretak

Oppsummering

Riksrevisjonen gjennomfører ei undersøking knytt til val, oppfølging og kontroll av styret i underliggjande helseføretak. Saka blir i første omgang lagt fram til drøfting i styret.

Administrerende direktør vil utarbeide endeleg utkast til svarbrev. Endeleg utkast til svarbrev blir distribuert til styret per e-post.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Ref. Torunn Nilsen

07.04.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Helge Espelid

Lise Karin Strømme

Aslaug Husa

Reidun Nyborg Johansen
